



EU

MANDAG FORSKNING * TIRSDAG EU * ONSDAG GRÜNDER * TORSDAG KOMMUNALT * FREDAG INTERNASJONALT NÆRINGS LIV

EU-PROFILEN



Zoran Milanović

Land: Kroatia
Tittel: Statsminister
Aktuell: Kroatia sa ja til EU

Folkeavstemningen i helga viste et klart kroatisk flertall for EU-medlemskap. Bare 44 prosent av landets befolkning var møtt fram, men 66 prosent av dem svarte positivt. Statsminister Zoran Milanović sa at han var misfornøyd med den lave deltakelsen.

Milanović er leder av Kukuriku-kolalisjonen som tok over styret av det kroatiske parlamentet tidligere i vinter. Det var den forrige regjeringen, med den Kroatiske Demokratiske Union, som fikk på plass medlemskapsavtalen fra 2013 i utgangspunktet, men det var ikke nok for velgerne. Som vi så i helgen: Det er et flertall for EU i Kroatia, men det er ingen voldsom folkelig begeistring rundt spørsmålet for øyeblikket. Milanović har vært leder for Sosialdemokratene siden 2007, og har tidligere jobbet i landets EU-delegasjon.

DET SKJER I EU

Onsdag

Grüne Woche

* **Hele uka deltar** blant annet EU-kommisjonen på Grüne Woche, den grønne uken. 2012 er et spesielt år for arrangementet, siden EUs felles landbrukspolitikk, CAP-avtalen, fyller 50 år. Det markeres blant annet med flere debatter som avvikles i løpet av de ti dagene Grüne Woche varer. Grüne Woche er den viktigste matmessen i verden, og den tiltrekker seg både bransjefolk og vanlige gjester til Berlin i starten av året. Norsk regjering og næring er på plass der nede.

Onsdag

CAP-jubileum

* **Som nevnt, er det 50-årsjubileum** for EUs felles landbrukspolitikk (CAP). Det preger uken i EU. Mer enn hundre gjester vil samles i Brussel, deriblant landbruksministrene i de 27 EU-landene. Også representanter fra den europeiske landbruksnæringa vil være til stede.

Torsdag

Konferanse om afrikansk råvarepolitikk

* **Kommisjonen møter med** representanter for afrikanske stater for å diskutere bedre råvarepolitikk.

Det er ein illusjon å tru at Noreg står **utanfor** EU. Slik oppsummerer britiske BBC rapporten frå Sejersted-utvalet.

* EUROPATREDNINGA

Anbefaler ikkje EØS til andre

– Vi er nesten like integrerte som Storbritannia, sa jusprofessor Fredrik Sejersted, leiar for regjeringas Europautredning til britiske BBC etter at utvalet hadde lagt fram sin 911 sider lange rapport sist veke.

BBC kunne også melde at samstundes som Noreg har blitt EU-tilpassa på stadig nye område, har interessa for EU-spørsmål vore dalande, både i norsk presse og blant vanlege folk, i dei 18 åra landet har vore knytt til EU gjennom EØS-avtalen.

I Storbritannia har EU-skepsisen fått eit oppsving dei siste månadene. I fjor haust måtte partiets statsminister David Cameron bruke partipisken for å hindre at opprørarar frå hans eige konservative parti fekk fleirtal i det britiske underhuset for ei folkerøysting om det britiske EU-medlemskapen. Før røystinga i underhuset hadde meir enn 100.000 britar skrive under på eit krav om folkerøysting.

Lite vits

Innslaget konkluderer med at landets EU-skeptikarar bør slutte å bruke Noreg som eksempel på at eit europeisk land kan lukkast utanfor EU. Grunnen til det er at Sejersted-utvalet konkluderer med at Noreg både er «utanfor og innanfor» EU, og berre «eit eller to steg bak» EU.

Nettstaden Euractiv melder at rapporten Sejersted-utvalet vil sette i gang ein diskusjon om Noregs framtidige forhold til EU. Som kjend låg det ikkje i Sejersted-utvalets mandat å evaluere moglege alternativ til dagens EØS-avtale. Overfor Euractiv

Fakta

Europautredninga

* Sist tysdag leverte

eit utval, nedsett av regjeringa, og leia av jusprofessor Fredrik Sejersted rapporten «Utenfor og innfor – Norges avtaler med EU».

* Rapporten går gjennom alle sider av

Noregs avtaler med EU.

* Den konkluderer

med at Noreg er svært djupt integrert i EU, og at landet er tilpassa tre firedelar av EUs lovgiving.

* Om lag ein tredel av dei 600 gjeldande norske lovane inneheld EU-EØS-reglar.

INTERESSE

«Kvifor skulle Sejersted-rapportene interessere pressa i andre land?»

ERIK ODDVAR ERIKSEN, PROFESSOR VED UIO

kjem utvalsleiar Fredrik Sejersted likevel med ei grundig avvisning at den såkalla sveitsiske modellen, kan vere ein mogleg veg å gå for Noreg.

– Det er viktige institusjonelle forskjellar mellom Sveits og Noreg i deira forhold til EU, og den sveitsiske modellen fungerer ikkje for oss, sa Sejersted til nettstaden.

Tilrå ikkje EØS

Sveits er, som Noreg, medlem av EFTA, men landet valde etter ei folkerøysting i 1992 å ikkje slutte seg til EØS-avtalen. Landet er likevel tett knytt til EU gjennom om lag 120 bilaterale avtaler. Det er stor skepsis i landet, både blant dei politiske partia og blant vanlege folk, mot ein EØS-liknande avtale.

I intervjuet blir Sejersted også sitert på at han ikkje vil anbefale andre land å følgje den norske modellen for EU-tilknytning.

– Prisen er ein stor mangel på demokrati, sa han til Euractiv.

«Ståhei om ingenting»

Sist veke vart rapporten lagt fram for eit internasjonalt publikum på EFTAs kontor i Brussel. EFTAs sekretariat melder om rekordoppslutning om arrangementet. Det var eit tjuetals påmelde frå dei ulike EU-institusjonane, i tillegg til representantar frå fleire EU-tenketankar og dei to andre EØS-landa Island og Liechtenstein.

I sin artikkel frå møtet, kalla journalisten frå Liechtensteins største avis, Liechtensteiner Vaterland, rapporten for «stor ståhei om ingenting». Avisa skreiv

vidare: *ettersom rapporten for ein stor del var sett saman av norske professorar, hadde ein venta at dei ville gå vitskapeleg til verks. Men rapporten inneheld i all hovudsak verdibaserte vurderingar som ein anten kan seie seg einig eller ueinig i. I mange tilfelle verkar ikkje påstandane i rapporten eingong særleg sannsynlege.*

– Mest interessant for EU

Elles har ikkje Sejersted-utvalets rapport skapt mange overskrifter i den europeiske pressa.

– Og kvifor skulle rapporten interessere pressa i andre land, seier Erik Oddvar Eriksen, professor og leiar for Europaforskningsprogrammet Arena ved Universitetet i Oslo.

– Rapporten er nok meir interessant for EU-systemet. Den gir jo eit slags reknestykke over korleis EØS-avtalen fungerer. Det kan vere nyttig for EU når ein skal burdere om ein skal tilby EØS-avtalen eller liknande avtaler til andre, seier Eriksen.

Han seier at EØS-avtalen er svært gunstig for EU.

– Det kostar ikkje så mykje å administrere avtalen og han skaper ikkje så mykje byråkrati som den sveitsiske modellen. Alle dei ulike avtalane gjer den sveitsiske løysinga til ei tungvint ordning, seier Eriksen.

ASTRID SVERRESDOTTER DYPVIK
 astrid.dypvik@nationen.no

nationen.no

Les heile Europautredninga på nationen.no